

Over 100 viste sin solidaritet

27.07.2011



Initiativtakarane tennes lys

Godt over 100 var møtt fram i kyrkja i kveld til minnemarkering og det vart ei verdig og fin stund.

Sokneprest Kristian Due
sa i si innleiing at tragedien har gjort eit heilt samfunn fortvila og sorgande. Det som har skjeddd berører også alle dei som ikkje er personleg ramma.
Minnestunda var også for å vise støtte og samhørighet med dei skadde, overlevande og pårørande.



Camilla Myklebust spela og song

-Dei står ikkje åleine, både som samfunn og enkeltpersonar er vi med dei. Reaksjonen handlar om kjærleik og samhald. Vi vil vise at vi står saman om å ta vare på kvarandre og eit ope samfunn der fellesskap og demokrati er grunnleggjande verdiar. Vi vil visa kva slags samfunn vi vil ha og at ingen aksjonar kan ta det frå oss, sa soknepresten



Vegard Døssland spela

Tala til soknepresten var følgd av eitt minutt stillheit og så vart Nordahl Griegs 'Til ungdommen' sunge til gitar-akkompagnement av Camilla Myklebust. Ho song og ein fersk og eigenkomponert song bygd på salme 121, der det heiter
'Eg lyfter mine augo mot fjellene'.

Vegard Døssland spela Vitae Lux og så var markeringa over.



Initiativtakarane Gunn Mari Moberg og Elin Legland som opna med å tenna lys
fortener ros for at dei sette også Uskedalen på kartet i denne samanhengen.
Det var også høve til å tenna lys utanfor kyrkja etterpå og til å skrive i kondolanseprotokollen i våpenhuset.

Også ute vart det tent lys etterpå

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen